

1954 --- 50 år --- 2004

Laurdag 9. oktober 2004 var det bedt inn til stor fest på Holmenkollen restaurant - Sogn og fjordaneringen skulle feira at det var 50 år sidan dei starta opp.

Jubileumsnemnda - Jon Nes, Rannveig Vinjum Nes, Rune Tystad og Turid G. Thorkildsen - hadde arbeidd i halvanna år med festen, og forventningsfulle, feststemde folk strøymde til Holmenkollen restaurant frå fjern og nær då klokka nærma seg 18.00.

Nemnda hadde gjort godt arbeid, og lokala var flott pynta. Jon Nes og Kjell Stensrud hadde laga to flotte monterar der gåver frå vitjingar i inn- og utland var utstilt, desse stod ved inngangen til salen der det var samling med velkomstdrink. Deretter vart vi bedt til bords med treretters middag ved fem store og to små festpynta bord.

Jubileumsnemnda, representert ved John Nes, ønska velkomen og gav ordet til kveldens kjøkemeister Alv Reidar Dale.

Menyen var samansett som følgjer:

Forrett: Pannesteikt aure med posjerte vaktelegg, linseragu og graslauksaus.

Hovudrett: Heilsteikt Entrecote av kalv, bruna og baka i ovn, med følgje av aspargesbønner, bakt tomat og morkelkremsaus.

Dessert: Crème Brûlée servert med bærsalat og basilikum sorbet.

Drikke: Mineralvatn/alkoholfritt øl. Kaffi.

(Kva hadde stiftarane av ringen sagt til eit slikt måltid skal tru?).

Ved kvar kuvert var det lagt festprogram med namn på alle deltakarar, meny og songar, både nye, heimelaga og gamle, velkjente.

I tillegg til å arbeida med planlegging av festen hadde Rannveig Vinjum Nes teikna ny logo som pryda programmet og T-skjorter som og var til sals.

Maten kom så på bordet, praten giekk livleg innimellom munnfullane, og det var mange «hugsar du?» spørsmål.

Innimellom matrettane song ein både *Vestland, Vestland, Livets dans og Velbekomme!*, og songar som var dikta for kvelden; *Min hug, min heim og Sogn og fjordaneringen*. Desse to siste står i **[festprogrammet](#)**.

Det var og ulike innslag med helsingar m.m. Ragnhild Pehrson hadde skrive prolog som ho framførte. Denne er attgjeven **[her](#)**.

Tone Eidsvoll helsa frå BUL Sarpsborg, og ho hadde med ei stor skål fylt med «godteri».

Arne Sølvberg helsa og underheldt med felespel.

Hilmar Nummedal, leiar i Sogn og Fjordanelaget, helsa jubilanten og hadde med gåvebrev på kr 10.000,- som var øyremerka jubileumsboka.

Ei boknemnd med Dagfinn Aa, Bjarne Hestenes, Olav Kvam, Hilmar Nummedal, Ragnhild B. Slyngstad og Turid G. Thorkildsen hadde vore i arbeid i lengre tid. Resultatet var ei flott jubileumsbok som vart vist fram for første gong på festen. Boka er rikt illustrert og tek føre

seg alle dei 50 åra Ringen har vore aktiv. Boka er no til sals for medlemmar og andre interesserte.



Magnhild Winsrygg, som er æresmedlem og som har vore medlem i heile perioden, fekk eit eksemplar av jubileumsboka i gåve. Ho takka varmt, og kom med små glimt frå farne tider.

Styret i Ringen hadde kome fram til at det var medlemmer som med godt arbeid på ulike område gjennom mange år burde heidrast med å bli utnemnde som æresmedlemer. Leiar Finn Stafsnes presenterte grunngjevinga og ropte fram Olav Kvam, Bjarne Hestenes, Kari Myrvang og Dagfinn Aa. I tillegg til livsvarig medlemskap fekk dei utdelt diplom som var laga/teikna av Kjell Klausen.

Etter ei lang bordsete var alle i festlyden ivrige etter å få svinga seg i dansen. Dagfinn Aa leidde an, og folk var ikkje vanskelege å be. Dansen giekk lystig til kaffitørsten tok oss. Det var Figaro, Fandango, Firetur frå Romerike, Åttetur m/mylne, Åttepardansen, Trondheimar, litt runddans, Vestlandsspringar, rudl. Dansekort-dansar som vals, reinlender, masurka, pols og Vestlandsspringar. Vidare Åttetur frå Asker, Pariserpolka, Klappdans, Bytereinlender og Daldansen. Songdansar var Pål sine høner, Lauvfallstid, Nøringen, Svarterabben og Ung Åslaug.

Alv Reidar Dale losa alle gjennom bordseta med mat, helsingar, talar og allsong. Johannes Øygarden spela til songane.

Nokre av medlemene hadde laga rikeleg med kaker som smaka godt til kaffien.

Etter kaffikosen gjekk dans vidare til kl. 02.00.